# 8 Kjæmpeviser

arrangeret for

## Baryton eller Mezzo Sopran

med Akkompagnement af Piano

af

# Agathe Backer Gröndahl.

Op. 43. Hefte 1.


Nº 1. Beiarblakkjen
Nº 2. Falkvor Lommannsson.
Nº 3. Raamund den unge.
Nº 4. Haugebonden.
Nº 5. Store bror aa lisle bror.
Nº 6. Herre Per aa Gjöalin.
Nº 7. Rikeball aa Gubjörg.
Nº 8. Dalebu Jonsson.


Forlæggerens Eiendom for alle Lande.


CARL WARMUTH
Christiania.
C.W. Nº 2211.
C.G. Röders Lith. Etabl. Leipzig.

# Beiarblakkjen.

Selljord i Telemarken.






3. Dei skapa blakkjen å gav 'en namn,
dei trea gullsko,
å Beiarblakkjen så kalla dei han.
Så vie o. s. v.

4. Å då dei hadde den blakkjen gjort,
så sender dei han til kongjens port.
Så vie o. s. v.

5. „Å tru eg ha' meg ein fulltru svein,
som kunna rie blakkjen eit skei!"
Så vie o. s. v.

6. Til svara stjukmori strie:
„Nikuls skal blakkjen utrie."
Så vie o. s. v.

# Falkvor Lomannsson.






3. Ut kjem hans sæle mo'ir,
dæ renner 'a tårer på kinn:
„Å hori agtast du hen idag,
du Falkvor kjær sonen min?“
Riddaren vågar o.s.v.

4. „Höyre du dæ, mi sæle mo'ir,
dæ æ meg no aller verst:
eg vil no taka att vive dæ
som Torstein Davidsson hev fest.“
Riddaren vågar o.s.v.

5. Dæ var Folkvar Lomannsson,
han seg av gare rei,
der grodde 'kje grasi på femten år
der hass grå gangare steig.
Riddaren vågar o.s.v.

6. Dæ var Folkvar Lomannsson,
han kom seg riand i går;
inn så springe den liten smådreng,
seie han tiend ifrå.
Riddaren vågar o.s.v.

*Landstads Folkeviser. 29 Vers.*

# Råmund den unge.




3. Dei gjenge seg ut på leikarvollo,
der hommenn[1] leikar te hove,
å då var han Råmund på knokunne berr,[2]
dei hommenn at honom loge.
„Å, de tar no inkje læ,“
sa han unge Råmund.

4. Han gjenge seg te si fostermor inn
å ba henne skjera seg klæi:
Kongjen vil meg i tenesti hava,
hans hommenn' meg spottar å hæe.
„Å, de tar no inkje hæe!“
sa han unge Råmund.

5. Å varpi dæ var utav nosle-ris
å vefta 'ta vijeren små,
dæ var no inkje av silkje gjort,
som Råmund te klæi skull faa.
„Nei, dæ var inkje silkje,"
sa han unge Råmund.

6. Å varpi dæ var utav nosle-ris
å vefta 'ta vijeren hare,
dæ var no inkje av silkjeduk,
dæ Råmund flutte av gare.
„Eg fær vel endå klæi!"
sa han unge Råmund.

7. Han gjenge seg te kongsdottri inn
å ba henne skjera seg klæi:
Faer din vil meg i tenesti hava,
hans hommen meg spottar å hæe.
„Å, de tar meg inkje hæe,"
sa han unge Råmund.

8. Så rekte ho upp den silkjeduk
å skar honom Råmund klæi,
kongjen å dronningji undrast på
kvi Råmund sill' få slike klæi.
„Å, de tar no inkje undrast,"
sa han unge Råmund.

9. Der budde eit troll uti bergjo nor,
som ville kongsdottri herje,
å kongjen han visste seg ingjo rå
hoss han sille dotter si bergje.
„Eg skal henne fulla verje,"
sa han unge Råmund.

10. Inn så kom han Hölje Kvass,[3]
dæ tottest breste under tilje.[4]
Kongje, du skal meg di dotter gjeva
alt mæ goan vilje!
„Du skal henne inkje få,"
sa han unge Råmund.

11. Å dæ var no han Hölje Kvass,
han glutte seg bak ivi hær:
Hot æ dæ fer ein liten gut,
som seg mone tru så væl?
„Å, dæ æ no fulla eg,"
sa han unge Råmund.

12. Å sinna så vart no han Hölje Kvass,
han stuka i alle mollo:[5]
Du Råmund, du skal meg möte idag
alt utpå leikarvollo.
„Eg skal deg fulla möte,"
sa han unge Råmund.

13. Å fyri gjekk alle kongjens hommenn,
å alle i brynjunne sie,
men etter gjekk Råmund bondens son,
han skjefte på klubba den frie.[6]
„No æ mi klubbe skjeft,"
sa han unge Råmund.

14. Dæ var no han Hölje Kvass,
han sneidde etter[7] kongjens merkje,
kongjen å hommennann såg derpå,
dei skolv liksom ringjen i serkji.
„Å, de tar no inkje skjelve,"
sa han unge Råmund.

15. Å dæ var Råmund bondens son,
han sneidde mæ klubba den frie;
så slog han te honom Hölje Kvass,
at hovue i sjau lutir mon drive.
„No slog eg hosta hart"
sa han unge Råmund.

16. Å dæ var Råmund bondens son,
han ser seg ut ivi fjor,
så ser han Trugjen Ubli, Höljes svein,
sterke jönnbaten[8] han ror.
„Å, ro no heran hit!"
sa han unge Råmund.

17. Eg heve vingla i heile nott
å villt utpå villande fjor,
eg heve leitt ett' en Hölje Kvass,
han var no min mobror.
„Å, var dæ mobror din,
så var dæ frenden min,"
sa han unge Råmund.

18. Dei vann seg fram med bergji,
å frametter mæ småe lenur:[9]
Höyre du Råmund bondens son,
sjå her ser du frenden din!
„Her mone eg 'en sjå,"
sa han unge. Råmund.

19. Å der sat alle dei småtrolli,
dæ glodde av deires tenne:
Men hossi tru kons[10] goe svær
æ komi i Råmunds hende?
„Eg mone dæ vel få"
sa han unge Råmund.

20. Fyrste hoggje han Trugjen Ubli svein
sine åtte hendar ifrå,
sia truga 'en honom ett' skortunn fram,
der som dæ gulli laag.
„Her finn eg gulli rått"
sa han unge Råmund.

21. Så hoggje han Trugjen Ubli svein,
så han datt dau te jor,
å sia alle dei småtrolli,
så skuva han båten på fjor.
„No hev eg vori der,"
sa han unge Råmund.

[1] Hofmænd. [2] hullet paa Knær og Albuer. [3] Troldets Navn. [4] Det var som Gulvets Tiljer brast. [5] Han kjaaked og braaked paa alle Maader. [6] den vakre. [7] hugg efter. [8] Jernbaad. [9] med smaa Stansninger. [10] vort.

# Haugebonden.

Telemarken.




[1] Bonor: Bondens Gaard.




<table>
<tr>
<td>

Haugebonden kva:

3. Höyre du dæ, du goe bonden sjav,
 hvi tuktar du 'kje drengjinne dine?
 D' æ aldri så heilag ein joleftans kveld,
 dei stukar uti hallinne mine.
  Snillan du o. s. v.

4. D' æ aldri so heilag ein joleftans kveld,
 dei slengjer ette meg mæ skåli:
 ha' dæ 'kje vore fe goe bonden sjav,
 dei ha' silt[1] mist höyrsla å måle.
  Snillan du o. s. v.

5. Dei gåve meg so vond ein stöyt
 utav den store ölkrusi,
 ha' dæ 'kje vore fe goe bonden sjav,
 dei ha' silt höyrt roml i husi.
  Snillan du o. s. v.

Bonden svara:

6. Å du heve vore utpå mine skip,
 å dæ uti årine åtte;
 ingjo skipsleige hev eg fengje av deg,
 å enno gjeng båten på botte[2]
  Snillan du o. s. v.

</td>
<td>

Haugebonden svara:

7. Men gakk no deg at bakari stavn,[3]
 der heng ei forgyllade brose:[4]
 der stende uti dei kistillann[5] ni,
 å nyklanne heng uti låso.
  Snillan du o. s. v.

8. Å deruti stende eit lite gullstaup,
 hev gjengje i nie manne-boto:
 femten hommenn kan drikke gott rus,
 å sjave bonden deruti fljote.
  Snillan du o. s. v.

9. Å deruti ligge ein silkjeserk,
 æ stikka i liljur å kransar,
 å den kom aldri på Målfris bak,
 berre joledagjen ho dansar.
  Snillan du o. s. v.

10. Lunden heiter garen min,
 han ligg heran su unde lie,
 å sjav så heiter eg goe Gullstein,
 å kona mi heiter Målfrie.
  Snillan du:
 Dæ lyest ut på Bonor,
 kor haugebonden dansar å rimar.

</td>
</tr>
</table>

[1] silt: skullet. [2] Endnu er Skibet i Fart. [3] Bagstavn. [4] Et guldvirket Tæppe. [5] kistillan: Smaaskrinene.

# Store-bror å Lisle-bror.






4. Gjære dæ var gjort av kvasse kjæmpesvær,
eit mannehovu sto der på odden utav kver.
Du æ den o.s.v.

5. Porten den var sett mæ stenga å mæ spjut,
på kver ein stakji hekk der ei mannehu.
Du æ den o.s.v.

6. Lislebror han rei seg til höge Vallands går,
å der va fleire kjæmpur hell Lislebror ha' hår.
Du æ den o.s.v.

7. Å jomfruga ho ut av vindauga såg:
„Hot æ dæ fer ein galen gut som helde i vor går?“
Du æ den o.s.v.

8. „Eg æ no ingjen galen gut, om du no seie så;
eg æ din kjære festarmann, som du må bie på!“
Du æ den o.s.v.

9. Jomfruga ho lettar på skarlaken rau:
„Kor era no dei kjempur min fair gjeve brau?“
Du æ den o.s.v.

10. Men Lislebror han kasta sin hanske på mark:
„I meg sko dei finna ein gut som æ stærk.“
Du æ den o.s.v.

11. Å Lislebror han snudde sin gangare umkring,
å fire hundra kjempur han slog uti ein ring.
Du æ den o.s.v.

12. Å Lislebror hadde seg ein gangare spak,
han tok den skjön jomfru å sette på hašs bak.
Du æ den o.s.v.

13. Så rie no han seg tolv miler uti skog,
jomfruga ho gret, men Lislebror han log.
Du æ den, du æ den,
eg hev tinga i min ungdom.

# Herre Per å Gjöalin.




3. „Å derfyre salar eg gangaren min:
eg såg meg så gild ei heiarhind[1]?"

4. „Å inkje var dæ noko heiarhind:
men Gjöalin leikar i hugjen din".

5. Herre Per drog på seg skjurta rein_
„Men ho vert bloutt fyrr du kjem heim."

6. Å skjurta ho var både rulla og tvegji_
„Men ho vert av deg i bloe dregji."

7. Å Herre Per ut av garen rei,
atte sto hass moir, sine hendar ho vrei.

*etc. etc. Landstads Folkeviser.*

[1] Hind paa Heien.

# Rikeball å Gubjörg.




3. „Höyre du, stolt Gubjörg, hot eg seie deg:
lyster du reise av lande mæ meg?

4. Å eg skal före deg på dæ land:
du gjenge på gulle som heran på sand.

5. Å eg skal före deg på den öy:
du kan syrgjelaus liva å syndelaus döy."

6. „Slet inkje eg tore å inkje eg må,
her æ så mange meg vaktar på.

7. Her vaktar på meg båe far og mor,
mi liti små syster og yngste bror.

8. Her vaktar så mange som vakta kan,
å aller helst Olav, min festarmann."

9. „Lat vakta så mange som vakta må:
du skal fylgje, er du sjov huga på[1];

10. Å me skal så löynleg av gare fara,
mæ folkje ligg i svemnen å hunden i dvala."

11. Stolt Gubjörg ho samlar sitt gull uti skrin,
å Rikeball salar ut gangaren sin.

12. Å som dei då kom seg på vegjen fram,
der möter dei ein gamal mann.

*Landstads Folkeviser. 55 vers.*

[1] Hvis du selv har Hu dertil.

# Dalebu Jonsson.






4. Å Dalebu kom seg riande i går
hass sæle moer ute fer honom står.
Kjenner du etc.

5. I Dalebus går der stende eit bur,
der lyster han å sova mæ si unge brur.
Kjenner du etc.

6. Å Dalebus moer rann tårir på kinn,
så syrgjeleg vekkjer ho upp sonen sin.
Kjenner du etc.

7. „Å moer, du tar inkje gråte fe meg,
Dalebu Jonsson forsvarar vel seg."
Kjenner du etc.

8. Dalebu ut gjönom vindauga såg:
„De æ no så mange, å me æ så få!"
Kjenner du etc.

9. Dalebus kjærast ho var inkje falsk,
ho snörde stålbrynja um Dalebus hals.
Kjenner du etc.

10. Dalebus kjærast ho var inkje sein,
ho snörde stålsko ikring Dalebus bein.
Kjenner du etc.

11. Å Dalebu ut gjönom dynninne sprang,
han rudde den vegjen som fyrr var trang.
Kjenner du etc.

12. Å Dalebu hoggje alt uti den flokk
hennars sjau bröar mæ gulan lokk.
Kjenner du etc.

13. Å Dalebu hoggje te han gjorest mo[1],
te han sto te knes i manneblo.
Kjenner du etc.

14. Dalebu salar sin gangare grå:
„Eg vil reise te kongjen å vera hass måg."
Kjenner du etc.

15. Dalebu kom seg riande i går,
ute sto kongjen, var sveipt i mår.
Kjenner du etc.

16. „Höyre du, Dalebu, hot eg seie deg:
Kor vart dæ av dei hommenn eg sende te deg?"
Kjenner du etc.

17. „A sume ligg sjuke, å sume ligg sår',
å sume dei ligge på likebår.
Kjenner du etc.

18. No teke du deg tolv tunnur mæ salt,
så du kan salte dæ galtekjöte alt.
Kjenner du etc.

19. Å du teke deg tolv tunnur mæ kveite,
så fær du kurvar [2] ohorvelig [3] feite."
No kjenner du Dalebu Jonsson.

[1] til han blev træt. [2] Hakkepölse. [3] umaadelig.